



Coast Center Base AS  
Postboks 55 CCB  
5347 Kystbasen Ågotnes

## Rapport frå inspeksjon ved mottak for farleg avfall, Coast Center Base AS, Ågotnes

Dato for inspeksjonen: 3. oktober 2013  
Rapportnummer: 2013.058.I.FMHO

### Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda: Jan Arild Alvheim	Frå Fylkesmannen i Hordaland: Gunn A. Krydsby Hallvard Hageberg
-------------------------------------	---

### Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten omhandlar avvik og merknader som vart gitt under inspeksjonen. Dersom vi ikkje får melding om faktiske feil i rapporten innan to veker etter at rapporten er motteken, er rapporten endeleg.

Fylkesmannen i Hordaland fann ingen avvik og gav 1 merknad under inspeksjonen.

Ingen tilbakemelding nødvendig. Fylkesmannen fann ingen avvik innan dei tema som vart kontrollert. Vi ser på oppfølginga etter inspeksjonen som avslutta.

Sissel Storebø  
senioringeniør

Hallvard Hageberg  
senioringeniør

*Rapporten er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Fjell kommune  
Miljødirektoratet

postmottak@fjell.kommune.no  
post@miljodir.no

## Bakgrunnen for inspeksjonen:

### Ansvarleg verksemd

<b>Organisasjonsnr. (undereining): 974135140</b>	<b>Eigd av (org.nr.): 980380610</b>
<b>Besøksadresse: Kystbasen Ågotnes</b>	<b>Telefon: 56 32 30 00</b>
<b>Bransjenr. (NACE-kode): 52.223 Forsyningsbaser</b>	<b>E-post:</b>

### Kontrollert anlegg

<b>Namn: Coast Center Base AS CCB Ågotnes</b>	<b>Anleggsnr.: 1246.0099.01</b>
<b>Kommune: 1246/Fjell</b>	<b>Anleggsaktivitet:</b>
<b>Fylke: Hordaland</b>	<b>Risikoklasse: 3</b>
<b>Løyve sist oppdatert: 1. mars 2013</b>	<b>Saksnr.: 2013/12751</b>

Det blir gjennomført ein nasjonal tilsynsaksjon av anlegg som tar imot og mellomlagrar farleg avfall i veke 38 og 39 i 2013. Aksjonen er ei oppfølging av tidlegare tilsynsaksjonar i 2004, 2006 og 2010.

Følgjande hovudtema vart kontrollert:

- Mottakskontroll avfall
- Handtering – under dette lagring av farleg avfall
- Vidarelevering av farleg avfall
- Utsleppskontroll
- Avvikshandsaming
- Risikovurdering
- Oppfølging av tidlegare kontroll

**Statusen til rapporten:** Denne rapporten omhandlar avvik og merknader som vart funne under inspeksjonen og gjev inga fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

### Oppfølging etter kontrollen

Inga tilbakemelding nødvendig. Fylkesmannen fann ingen avvik innan dei tema som vart kontrollert. Vi ser på oppfølginga etter inspeksjonen som avslutta.

### Kontrollgebyr for verksemd med løyve

Verksemda skal betale gebyr for kontrollen, jf. forureiningsforskrifta § 39-6 om gebyr for kontroll av inntil ein dag i verksemdar med løyve. Verksemda er i løyvet plassert i risikoklasse 3. Dette betyr at verksemda skal betale kroner 11 700,- i gebyr.

Faktura med innbetalingsblankett vil bli ettersendt frå Miljødirektoratet.

## Definisjonar

- **Avvik:** brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgjevinga, til dømes brot på krav i forureiningslova, produktkontrolllova og forskrifter heimla i desse lovene eller krav og vilkår fastsett i løyve eller dispensasjonar.
- **Merknad:** noko som miljøvernstyresmaktene meiner det er nødvendig å påpeike for å ivareta helse og miljø og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

## Avvik

Det vart ikkje funne avvik ved tilsynet.

## Merknader

Fylkesmannen har følgjande merknader:

### Merknad 1:

Verksemda har ikkje sendt inn dokumentasjon på økonomisk sikring, jf. punkt 3.5 i tillatelse til mottak og lagring av farlig avfall for Coast Center Base AS på Ågotnes i Fjell kommune av 4. mars 2013:

«Bedriften skal stille økonomisk sikkerhet for å sikre at mottatt farlig avfall blir forsvarlig håndtert og behandlet vidare dersom bedriften legger ned sin virksomhet eller på annan måte ikke er i stand til selv å behandle avfallet. Denne sikkerheten skal omfatte alt farlig avfall som til enhver tid er lagret hos bedriften. Bedriften skal oversende Fylkesmannen dokumentasjon som viser at sikkerhetsstillelsen er tilfredsstillende.»